

Auren bit i elva

30.07.2009



Stolte aure-fiskarar: Sindre og Jone. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laksefangstane har heller ikkje i Uskedalselva vore så mykje å skryte av i det siste, trass i større vassføring. Men det er gjort tildels gode aurefangstar og uskedalen.no møtte to fornøgde gutar torsdag kveld.

14-åringen Sindre Aksnes hadde fått ein aure på 3,2 kilo medan 13-åringen Jone Rørheim hadde håva inn ein kilosfisk. Dei fiska saman som dei alltid gjer både seint og tidleg og hadde lukka med seg på Kjærland. Og som dei også alltid gjer, nytta dei makk.

For berre nokre dagar sidan fekk Eirin Kjærland (14) ein laks på 2,2 kilo så det har vorte nokre gode fiskemiddagar i familien i det siste. Familiefar Svein Ottar Rørheim har framleis aure-rekorden i familien med ein fisk på 3,5 kilo.

Fiskane dei har fått i det siste har til ein viss grad vore angripne av lus, men ikkje så mykje at det har vore livstrugande.

Av Ola Matti Mathisen